

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Saksnr. i utval |
|-----------------------------------|------------|-----------------|
| Utval for samfunn, plan og næring | 22.11.2023 | 088/23 |

| | | |
|----------------------|-------------------|-------------|
| Saksbehandlar: | Arkivsak - dok.nr | 23/1124 - 4 |
| Anne Berit Birkeland | Journalpostnr. | 23/28038 |

Oppstart av strategisk Hamneplan – Ullensvang kommune

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring (USPN)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven), plan og bygningsloven, forskrift om sikring av havaneanlegg

I tillegg vil gjeldande kommuneplan, nasjonale forventningar og FNs berekraftsmål verte lagt til grunn for arbeidet.

Tilråding frå rådmannen:

Utval for samfunn, plan og næring (USPN) vedtek oppstart av strategisk hamneplan

22.11.2023 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

USPN – 088/23 Vedtak

Utval for samfunn, plan og næring (USPN) vedtek oppstart av strategisk hamneplan

Melding om vedtak om oppstart av arbeidet med strategisk plan for hamn i Ullensvang kommune

Ullensvang kommune har starta opp arbeidet med strategisk plan for hamn. Planen har eit langsigtig perspektiv.

Ved varsel om oppstart ynskjer vi å høyre om de har synspunkt om særlege hensyn eller føringer som kommunen bør ivareta i arbeidet med planen. Vi ber særskilt om tilbakemelding på mål og strategier.

INNLEIING

Bakgrunn og forankring

Dei tre kommunane som vart samanslått til Ullensvang kommune hadde ikkje hamneplan. Endringane som har skjedd i samfunnet nasjonalt og internasjonalt dei siste åra medfører at det er viktigere enn tidlegare at Ullensvang kommune har god styring på hamneverksemda, både nasjonalt og lokalt for å styrke samarbeidet i regionen. Strategisk hamneplan for Ullensvang kommune skal vere eit sterkt styringsverktøy som både skal gje retning og framdrift i åra som kjem.

Ny havne – og farvannslov fekk verknad frå 01.01.2020, og Ullensvang kommune ynskjer å utarbeide strategisk plan som klargjer mål, ansvar, forvaltning og finansiering av kai/bryggjeanlegg. Det er utfordringar ved forskjellige interesser, som bustadutbygging på kai, camping, godstrafikk over kai, stor trafikk til industrianlegg og anlegg for akvakultur. I tillegg kjem fergesamband, og trafikk innover i fjorden til Eidfjord Cruisehavn.

I kommunestyret vart det gjort vedtak (vedtak 035/23) om å starte arbeidet med strategisk hamneplan og uttak av hamnefond. Varsel om oppstart av strategisk hamneplan kjem opp i utval for samfunn, plan og næring i november 2023.

Norconsult har bistått kommunen med å gjennomføre planarbeidet og utforma plandokumentet.

Hensikt, omfang og avgrensingar

Planen skal utarbeidast som ein strategisk kommunal plan med kunnskapsgrunnlag for vidare prioriteringar i hamneverksemda i Ullensvang og kan ha følgjande innhald:

- Status og utfordringar
- Mål for hamneverksemda i Ullensvang
 - Hovudmål
 - Tilpassing til FN sine mål for berekraft
 - Effekt-, og prosjektmål
- Relevante tema
 - Vedlikehald av dagens kaiar
 - Farlei og transport
 - Hamn for næringslivet: Sjømat og akvakultur – Kultur – Industri, transport, logistikk – Cruise – Turisme og småbåttrafikk
 - Arealutvikling
 - Hamnedrift

- Samfunnstryggleik
- Handlingsplan
 - Prioritering av tiltak
 - Estimering av kostnader

Organisering

Prosjektgruppa for arbeidet med hamneplanen består av:

Prosjektansvarleg / Prosjekteigar: Hjalmar Heimvik, verksemdleiar veg, park og hamn

Prosjektleiar: Anne Berit Birkeland, avdelingsleiar veg, park og hamn

Prosjektgruppe: Randi Karin Habbestad, kommunalsjef
Wermund Vetrhus, leiar plan og samfunnsutvikling
Stig Hope, kommunens beredskapsleder

Prosess og medverknad

Informasjonsmøte 15.06.2023 vart gjennomført for å få innspel i tidleg fase med aktører som bruker farvatnet som næringsaktører, og samansetningen av personer gav nytig innsikt i problemstillinger som vert tatt med videre i planarbeidet. Ein del bygdelag var også invitert, men der møtte ingen.

Kystverket v/lostenensta, Fjord 1, Boliden, Tizir, Aurora of the Fjords (Siderbåt), agent Vilhelm Ravn As, samt Skogeigarlaget gav nytig informasjon. Lista er ikkje uttømmande med namn. I hovudsak ynskja ein tilrettelegging for næringa, plass for ekstraferge i Jondal, lostransport, landstrøm, og godt samarbeid mellom kommunen sin hamnedrift og dei private aktørene. Det vart også diskutert det praktiske i Odda hamn, som tilkomst og isbryting. Det var uttrykt behov for ventekai i Odda. Kommune har også fått innspel om at det er behov for betre muligheter for bulktransport i Jondal – Herand området.

Ved varsel om oppstart av plan og høyring rekner ein med å få innspel frå fleire.

Som del av videre planarbeid vert det gjennomført høyring når planutkast er klart, for ytterligere å sikre god planforankring vil då brukere og mynde bli invitert til å gi innspel samt uttale seg til planforslaget før endelig vedtak.

MÅL OG STRATEGIER

Resultatmål for Ullensvang hamn

Planen har følgende resultatmål:

- Godkjent strategisk plan innan første halvdel av 2024.
- Planen må vise korleis kommunen følgjer regelverket som gjeld.
- Planen skal gje tydeleg retning og fremme samarbeid med aktørar og framtidsretta løysingar.
- Strategi for samskaping og kva områder som egner seg for dette må på plass.
- Tydeleg avgrensing, videre framdriftsplan som kan budsjetterast etter.
- Overordna tiltaksplan for investeringar eller vidare planlegging

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Planen skal synleggjere kva ressurser ein treng for forsvarleg drift av hamn og trygge hamner.

b. Investeringskostnader

Planen skal gje føringer for framtidige investeringar.

c. Finansiering

Sjølvé planarbeidet er finansiert ved uttak frå hamnefondet, det er sett av kr. 600.000,- til planarbeidet.

Frist for å koma med innspel er 6 veker frå 24.11.2023.

Merknader og synspunkter til varsel om oppstart skal vera skriftlege og sendast Ullensvang kommune via link på heimeside.

Referanse: 23/1124.

Særutskrift sendast til:

- mottakar 1
- mottakar 2